



Røssland og Johan Henrik Lyse – her i den nye baren - er optimistar foran opninga fredag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fredag kl 18 skjer det noko historisk og gledeleg i Uskedalen: Vertshuset opnar att, eksakt fem år etter at drifta stoppa sist, og drivarparet Røssland (eigar) og Johan Henrik Lyse (løyvehavar) er både spente og forventningsfulle. Mange ser fram til opninga, både uskedelingar og båtfolk

- Det blir ei stor oppgåve. Men vi skal sjølvstilt ikkje stå for drifta aleine. Med oss får vi gode lokale medhjelparar med erfaring frå denne bransjen, seier Røssland og Johan Henrik til uskedalen.no.

No har dei lange dager med den siste klargjering av huset, som har vorte rusta kraftig opp og framstår i ein ny og stilig utsjånad.

Dei to kan allereie på opningsdagen ønskje eit selskap velkome i tillegg til dei individuelle gjestane. Selskapet er frå Uskedalen Oppvekstsenter, som skal ha ei spesiell markering. Sidan håpar duoen at mange liknande grupper frå lokalsamfunnet vil ta i bruk Vertshuset. Eller som det står i driftsplanen: "Hovedmarkedet vil være lokalbefolkningen".

- Men kva med matsserveringa?

- Som vi også seier i driftsplanen gjer tidsmessige årsakar at vi i denne første sommarsesongen må satsa på ein enkel serveringsdrift med servering av prefabrierte produkt frå nærliggjande bedrifter. Det betyr pizza og kald mat frå lokale samarbeidspartnarar.

Men på sikt vil vi sjølvstilt by på eit meir heilheitleg produkt, i det minste på helgebasis. Og når julebordsesongen kjem må vi gå ut med eit matkonsept som er hundre prosent, lovar dei to.

Av Ola Matti Mathisen



Partiet rundt peisen har ein stilig design. (Foto: Ola Matti Mathisen)